

Sokkeldirektoratet  
Professor Olav Hanssens vei 10  
Pb. 600  
4003 STAVANGER

Oslo, 28.04.2025  
Vår ref. 25/397-9  
646.0/ANSK  
Dykkar ref. SODIR 2025/89 NiBr /HiBr

Att:

## Høyring - forslag til forskrift om datainnsamling og dokumentasjon i mineralverksemد på kontinentalsokkelen

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til høyringa med forslag til forskrift om datainnsamling og dokumentasjon i mineralverksemد på kontinentalsokkelen. LO viser øg til tidlegare høyringssvar av 23. januar 2023 til Olje- og energidepartementet om konsekvensutgreiling for mineralverksemد på norsk kontinentalsokkel, der vi mellom anna påpeikte følgande:

*"(...) Kunnskap og teknologi frå olje- og gassverksemda og landbasert mineralutvinning vil vere eit viktig erfaringsgrunnlag for å finne og utvinne desse ressursane. Det må utviklast eit robust helse-, miljø- og sikkerheits-regelverk (HMS), og LO deler departementets syn på at operasjonelle usikkerheits- og risikofaktorar ved denne verksemda må særskilt utgreiaast i samarbeid med relevante aktørar og myndigheter etter opninga. LO føreset at arbeidstakarsida involverast og medverkar i dette arbeidet.*

*Havbotnsmineralnæringa må sjåast i samanheng med øvrig industriutvikling. Det må leggast til rette for etablering av komplette og heilheitlege verdikjeder, som skaper framtidige, gode arbeidsplassar. Tilrettelegging for sameksistens med andre næringar, særleg fiske, må ha prioritet.*

*Kontraktsstruktur, konseptval, driftsmodell og krav i tilbodsførespurnader må legge til rette for regionale og lokale leveransar i alle faser; leiting, ressursplanlegging, val av transportsystem, produksjon av utstyr, skip og innrettingar for verksemda, utvinning og prosessering. Dette vil ha stor betydning for å kunne hauste samfunnsmessige fordeler frå etablering av næringa, og sikre vidare sysselsetting på sokkelen.*

*Norske arbeidsvilkår og regelverk må gjelde innanfor havbotnsmineralnæringa. LO forventar at respekt for arbeidstakarrettar og helse, miljø og sikkerheit skal vere føresetnad for tildeling av område for selskap som leitar og/eller utvinn mineralane.*

*(...) Norske myndigheter har i dag ei stor mengde data frå ulike tokt på norsk sokkel. Tilgong på data er ein føresetnad for god ressurskartlegging, og LO oppfordrar myndighetene til å dele ny data med næringane, slik at dei aktivt kan delta i oppbygging av kunnskap om dei relevante områda. Omsyn til sikkerheitspolitiske tilhøve må sjølv sagt ligge til grunn når deling av data vert gjort.*

*LO føreset at miljøomsyna skal vege tungt. Store deler av området som vert føreslått opna, har øg status som sårbar og verdifulle område, SVO. LO forventar at ei føre-var-tilnærming skal vere gjeldande, og at det vert sett krav til strenge tiltak for å ivareta naturmangfaldet og økosistema der det vert gjort leiting og utvinning. (...)"*

Vi viser vidare til LOs høyringssvar av 23. september 2024 på "høyring av arealforslag - utlysing av område for mineralverksemد på havbotnen", med forslag til blokker for ei første konsesjonsrunde, der det vart understreka at fleire av LOs forbund er svært uroa over at kunnskapen om effektar på marint liv og miljø frå mineralverksemد på havbotnen, per idag ikkje ser ut til å vere tilstrekkeleg. Vidare vart det i høyringsuttalen vist til at føre-var-prinsippet må tilseie at dersom ein ikkje har nok kunnskap, så kan heller ikkje mulig skadeleg aktivitet gjennomførast. LO er nøgd med at Stortinget har føresett ei stegvis, kunnskapsbasert og

### **Landsorganisasjonen i Norge**

Torggata 12, N-0181 Oslo E-post: lo@lo.no www.lo.no Telefon: +47 23 06 10 00 Organisasjonsnummer: 971 074 337  
Kontonr.: 9001 07 00182 Faktura på e-post: 971074337@autoinvoice.no Elektronisk faktura (EHF): 9908:971074337



rasjonell utforsking av arealet, og at Stortinget får planane for utvinning framlagt før godkjenning kan skje.

For LO er det særleg viktig å understreke, at det må stillast krav om norske løns- og arbeidsvilkår i konsesjonar. Dersom ikkje kravet om norske løns- og arbeidsvilkår møtast, meiner LO at ein ikkje kan gi lisensar og tillatingar. Mineralverksemndslova og tilhøyrande forskrifter må tilpassast dette kravet. Område som krev tillatingar og konsesjonar gitt av den norske staten, må vere ein del av den norske arbeidsmarknaden, og slik sett legge norsk lov og norske vilkår til grunn. Dette må vere ein føresetnad og sjåast på som del av samfunnkontrakten for å nytte fellesskapets ressursar.

Det parallele høringsframlegget frå Energidepartementet til forskrifter til havbotsminerallova påpeiker at eventuell utvinning ligg eit stykke fram i tid, - men det er likevel viktig å tilrettelegge for reguleringar og rammevilkår, ikkje minst for å sikre ivaretaking av kunnskapsbygging. LO støttar den stegvise tilnærminga.

LO kan i hovudsak støtte framlegget frå Sokkeldirektoratet, men vil gi følgande kommentarar til nokre av paragrafane i framlegget til forskrift om datainnsamling for havbotsmineralar:

Av omsyn til nasjonale interesser og sikkerheit bør det i § 4 og/eller § 5 krevjast informasjon om reell rettigkeitshavar og eigartilhøve. § 4 andre ledd omtalar rettigkeitshavar som "ham". Det bør sjølv sagt nyttast kjønnsnøytrale omgrep i norske reguleringar, og rettigkeitshavar bør heller i dette tilfellet omtala som "vedkommende".

Det tilrådast at Miljødirektoratet leggast til i § 5 "Melding i samband med undersøkingar", første ledd.

LO er som nemnd over, opptatt av at miljøomsyna skal vege tungt, og at ein må ha ei føre-var-tilnærming. I konsekvensutgreiinga for undersøking og utvinning av 27. oktober 2022, vart det understreka at aktive hydrotermale strukturar er særskilt sårbar for påverknad, og at konsekvensane av inngrep vil vere store, altså negative. Men i § 15 i utkast til forskrift heiter det berre at rettigkeitshavar skal unngå (vår utheving) at prøvetaking av eller på aktive hydrotermale strukturar skadar strukturen ut over sjølve uttaket av prøva. LO meiner § 15 må ha ordlyd som faktisk ikkje tillet at slik prøvetaking gjennomførast på aktive hydrotermale strukturar.

Med venleg helsing  
LO Norge

Are Tomasdard  
(sign.)

Kenneth Sandmo  
(sign.)

Saksbehandler: Anne-Beth Skrede

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.*